

Fondet sine prioriteringar for 2022-2023

Nytt handlingsplan gir føringar for bruk av midlar i 2022-2023. Her får du informasjon om utlysingar framover.

PUBLISERT 31. JAN., 2022 | OPPDATERT 22. FEB., 2023

Styret for regionalt forskingsfond Vestland har vedteke handlingsplan for 2022-2023, basert på nye føringar frå fylkestinget. Viktig informasjon for søkjarar er:

- **Prioriterte forskningstema** er endra, men hovudlinja representerer likvel ei vidarføring frå tidlegare år.
- **Forprosjektutlysinga** vil ha same tematiske innretting som i 2022, og søknaden må vere sendt seinast 3. mai for å rekke styrebehandling 20. juni. Utlysinga vil bli publisert og open for innsending innan midten av mars.
- **Ny hovudutlysing** er tematisk spissa og vil ha søknadsfrist 21. september 2022.
- **Kven kan søkje:** Bedrifter, kommunar, inkl. fylkeskommunale einingar og forskingsorganisasjonar i Vestland vil kunne søkje.
- **Temaplan forskning** gir ei utdjuping av forskningstema.

* Dato korrigerert etter første publisering

Plan for utlysingar med prioriterte tema:

Utlysingstema	Søknadstype og søkjargruppe	2022	2023
1.Meir forskning som bidrar til lønsame arbeidsplassar, grønt skifte, berekraftige produksjonsprosessar og ny klimavenleg eksportretta Industriutvikling: > Berekraftig og eksportretta industriutvikling samt havøkonomi > Sirkulær økonomi – berekraftig ressursforvaltning > Bioøkonomi «blå» og «grøn» - produksjon av mat og berekraftig bruk av biologiske ressursar > «Grøn» gjenoppbygging av reiselivet etter pandemien	Kvalifiseringsstøtte av typen forprosjekt til innovasjonsprosjekt for: > Bedrifter > Kommunar/ fylkeskommune Kvalifiseringsstøtte av typen forprosjekt til samarbeidsprosjekt for: > Forskingsorganisasjonar	Løpande utlysing, med innsending ca. 6 veker før styremøte i juni og desember	Løpande utlysing, med innsending på faste datoar for behandling i første etterfølgjande styremøte
2. Ein offentleg sektor som saman med forskingsorganisasjonar utviklar og tek i bruk ny relevant kunnskap som kan styrke innovasjonskraft og tenestetilbodet > Innovasjon i offentleg sektor – med vekt på kommunar og fylkeskommunar > Klimatilpassing – generell samfunnstryggleik og beredskap			

Temaplan forskning gir eit utdjuping av regionale forskingsbehov.			
1. Forsking som bidreg til industriell symbiose knytt til strategiske grøne hubar i Vestland – jamfør rapport frå Grøn region Vestland – Vestlandsporføljen	Innovasjonsprosjekt for: > Bedrifter > Kommunar/ fylkeskommune		Søknadsfrist 21. septemberber 2022 – prosjektoppstart i 2023
2. Forsking som bidreg til å styrke kommunane som berekraftig utviklingsaktør.	Samarbeidsprosjekt for: > Forskingsorganisasjonar		

Temaplan forskning gir eit utdjuping av regionale forskingsbehov.			

